



NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Vår ref
SOTR 13/273 - 21

Dykkar ref

Arkiv
S10

Dato
02.05.2014

Fråsegn frå Jølster kommune - Åmot Kraftverk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Åmot kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden. Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Paulen kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Det vert elles synt til administrasjonens saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden

Handsaming i Utval for Plan og Utvikling 30.04.2014:

Det er nytta feil namn på kraftverket i vedtaket. Paulen kraftverk vert retta til Åmot kraftverk.

Framlegg frå Geir Støfring SP til slikt nytt punkt 1 i vedtaket:

Den planlagde utbygginga av Åmot kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden. Jølster kommune meiner likevel det er viktig å ta vare på elva og fossen som landskapselement, og krev at NVE må vurdere om omsøkt minstevassføring er nok for å unngå negative effektar på elva og fossen som





landskapselement. Ved evt gitt konsesjon skal utbygger syte for etablering av eit opplevings og informasjonspunkt ved fossefallet. Med grunnlag i dette vil Jølster kommune tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Åmot kraftverk.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga med endra namn på kraftverket til Åmot kraftverk samt nytt punkt 1 frå Geir Støfring.

UPU-049/14 Vedtak:

Den planlagde utbygginga av Åmot kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden. Jølster kommune meiner likevel det er viktig å ta vare på elva og fossen som landskapselement, og krev at NVE må vurdere om omsøkt minstevassføring er nok for å unngå negative effektar på elva og fossen som landskapselement. Ved evt gitt konsesjon skal utbygger syte for etablering av eit opplevings og informasjonspunkt ved fossefallet. Med grunnlag i dette vil Jølster kommune tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Åmot kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Det vert elles synt til administrasjonens saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden

Med helsing

Solfrid Trå
Naturforvaltar
57726124

Vedlegg:

Tittel





Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Åmot kraft

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

jolster.kommune.no

